

## Gamle ski på Rød og Haugland



Kristian Bringedal med ski på bygdetunet Rød (Foto i skihistorieboka)

Dei som har trudd at Vest-Noreg ikkje har noko skihistorie tek skammeleg feil, og også vår bygd har sin del av den historia. Det vart skikkeleg dokumentert under museumsdagen på Rød sist haust då det var presentert ski frå fleire stader i Uskedalen og Arne Høyland frå Nordhordland presenterte resultatet av ein omfattande registrering. No har han samla resultatet i eit hefte som mellom anna inneheld ski frå Rød og Haugland.



Ski på Haugland (Foto i skihistorieboka)

Høyland presenterar heimelaga vestnorske ski av den typen som vart brukte på bygdene før 1900-taletv- altså før den masseproduserte skitypene kom i bruk og prega utviklinga av den norske skiskulturen.

Høyland presenterar fyrst dei ulike skitypene han har registrert. Så viser han korleis vossingen Knut Evanger laga ski av eit bjørketre med naturleg rotkrok og endeleg har heftet ein katalog over skia Høyland har registrert. - Det er ikkje lett for folk idag å skjønna kor viktig skiene har vore for mange vestlendingar, skriv Høyland og slår fast at skia har vore nytta i meir enn 5000 år for transport og ferdsel som ein del av sjølvberginga og til å overleva av og i naturen.

På Vestlandet har det vore mest vanleg med skibruk i midtre og indre strok. Dei vart brukt til og frå utearbeid på garden, ferdel til og frå skule, kyrkje, doktor eller bytur. I Nordhordland gjekk dei og på ski over gjenfrosne fjordar. Skiene vart og nytta under snarefangst, høykøyring og reinsjakt, for å nemna noko fleire døme. Og så vart dei sjølv sagt nytta til karfolkleik!

Hovudformen på dei gamle skia i vår del av landet har vore trapesformen -dei er breiast framme og smalnar av bakover.

Dermed vart dei lettare å styre og svinga med.

Høyland har også registrert eksemplar av korte ski - frå indre fjordstrok.- men også ekstra lange ski frå områda som grensar mot langfjella og er opptil 246 centimeter i vårt fylke.

Skiene på Haugland er laga av furu. Det mest brukte skimateriale i området her har vore ask, men det voks ikkje ask på garden i motsetnad til furu og difor vart furu nytta. Skiene er opptil 243 centimeter.

Med 'På sporet av vestnorsk skihistorie' har Arne Høyland laga eit viktig supplement til norsk kulturhistorie.

Av Ola Matti Mathisen